

Prosjektskildring

Voss kommune vil i samarbeid med Voss kunstlag produsera ei sjangeroverskridande utstilling med Odd Nerdrum, Turid Spildo og Unni Askeland. Kjell-Erik Ruud skal vera kurator for utstillinga. Utstillinga som førebels har fått namnet "K5-alle vegar fører til Voss" skal stå utstilt frå 1. juni til 1. juli 2016 i Utstillingsrommet i Voss kulturhus. Voss kulturhus sto ferdig i 2011. Huset har eit eige galleri i underetasjen som er på heile 154 m². Me ønskjer å byggja opp Utstillingsrommet i Voss kulturhus til å vera ein sentral arena for kunst både for sambygdingar og tilreisande. Kjell-Erik Ruud kom på tanken om å kopla saman dei tre kunstnarane Odd Nerdrum, Turid Spildo og Unni Askeland.

Odd Nerdrum vil eigentleg ikkje stilla ut i Noreg, men han kunne tenkja seg å vera ein del av en trio, han har difor sagt ja til å stilla ut på Voss! Voss kommune ser det som viktig å kunna tilby kuraterte utstillingar, og å kunna visa utstillingar som elles ikkje hadde kome til bygde-noreg. Voss kommune har nyleg oppretta ein stilling som kulturkonsulent der ein del av stillinga er knytt til å fylla Utstillingsrommet i Voss kulturhus med kunst. Dette viser at Voss kommune vil satsa på kunst!

Den endeleg forma på utstillinga er enno ikkje bestemt, men kurator har utfordra Unni Askeland til å laga ein installasjon med knust glas der bileta oppstår slik som det er knust. Ekteparet Turid Spildo og Odd Nerdrum vil stilla ut verk som speglar kvarandre.

Voss kulturhus vil marknadsføre utstillinga gjennom sine kanalar, det same vil Voss kunstlag gjera. Det vert trykt plakater til utstillinga i tillegg vil me trykka opp ein informasjonsbrosjyre om utstillinga som skal distribuerast til hotell, kafear og aktuelle kulturarenaer. Det vert sett inn annonse i lokalavisa og sendt ut pressemelding til aviser og andre medier.

Med "K5- alle vegar fører til Voss" ønskjer me å presentera ei utstilling med aktuell, visuell kunst av høg kvalitet, laga av kontorversielle kunstnarar for eit breitt publikum. Nok ein gong vil me setja Voss på kartet som ei moderne og modig kunstbygd. I tillegg til omvisingar i utstillinga ønskjer me å invitera tidlegare elev av Odd Nerdrum, Jan-Ove Tuv til å halda eit føredrag om Nerdrum sin kunstnaraskap. Det vert kunstnarsamtaler med Turid Spildo og Unni Askeland.

Litt om kunstnartrioen og kurator

UNNI ASKELAND kan karakteriserast som ei moderne bohemedronning. Ho har alltid gått egne vegar og meiner at norsk kunst er gørr kjedeleg med for mykje intellektualisering. Prosjekta hennar bevegar seg innan ein pop-art genre, der ho ofte brukar kjende ikon frå populærkulturen.

ODD NERDRUM er ein av Noreg sine fremste kunstnarar. Han finn sine førebilete og lærarar hjå dei gamle meistrane. Internasjonalt vert han rekna for å vera den mest betydelege klassisk figurative målaren og han har danna skule for en ny generasjon av figurative målarar. Sjølv kallar han seg for kitsch-målar.

TURID SPILDO er folkemusikar og klassisk målar. I eit intervju med Camilla Prytz uttalar ho: «Eg kallar meg Kitschwife/Kitschfrue. Fordi eg er gift med Odd Nerdrum og blir ofte omtalt som kona til osv. Så i staden for å protestera å seia; Nei eg er meg sjølv, eg har eit eige liv osv, så lar eg meg inspirera av fotballfrueene. Det blir jo litt det same Odd gjorde i si tid. Han fekk kritikk fordi han malte bilete som skulle hengja på ein vegg. Det er jo så konvensjonelt ?? så då tok han skjellsordet Kitsch opp frå myra og sette lys på det».

Spildo og Nerdrum jobbar begge med klassisk, figurativ måling. Eg har ikkje sendt med CV til Spildo og Nerdrum. Dei kallar seg Kitchmålarar, i dette ligg det ein protest til kunstverda sine krav til det formelle. Turid har si formelle utdanning innan folkemusikk, i tillegg har ho vore kona til Odd i 20 år, og det er ikkje så lite..

KJELL-ERIK RUUD var kurator for den nasjonale kunstfestivalen AGALOUS (28.-31- mai 2015), ein nasjonal kunstfestival som vart arrangert av Voss kunstlag i samarbeid med Norske kunstforeninge, på Voss. AGALOUS har vore med å setja Voss på kartet. Me ønskjer å forsetja å byggja opp Voss om kunstbygd og styrkja det visuelle kunstfeltet på Voss.

Tankar frå Kurator Kjell-Erik Ruud

"K5 er navnet på Jernbaneverket og Statens Vegvesen sin utredning av ny trase mellom Arna og Voss, planen som nå blir vedtatt. Alle veier fører til Voss, ihvertfall i følge Linda Eide som er en kjent programleder, og også en rotekte Vossing. Er det slik at Vossingene må oppleve at kunsten kan forklares gjennom ættesoga, eller er det bare en gimmick Vossingene har lagt seg til? Med Trude Spildo fra Granvin så skal du vel ikke lete så lenge før det dukker opp noe Vossa-greier, og kanskje heller ikke med Unni Askeland som er født i Bergen, men hva med Odd Nerdrum? Og med det som bakteppe sendte jeg noen sms til kunstnerne og spurte om Vossa-tilhørigheten, og selvsagt var den der. Unni sjekket opp med sin mor, som sa at jo, Unni sin Oldefar het Jakob Bolstad, og at de har en del familie i Bolstadøyri, og Turid er vel i slekt med flere på Voss, så langt er jeg ikke overrasket. Men hva med Odd Nerdrum? Hans tilknytning og slektskap til Voss, er igjennom vår egen Ole Didrik Lærum, og så la han til at han var meget begeistret for kirketårnet på Voss. Og med den opplysningen så må jeg innrømme at jeg kastet et ekstra blick på kirketårnet når jeg gikk forbi, og det er spesielt - og jeg kunne se for meg at akkurat dette tårnet kunne ha vært malt inn i et av Odd Nerdrums sine bilder. Så tilbake til innledningen - det er ikke slik at Vossingene må ha ættesoga på plass for å kunne forstå kunsten, men det handler om det helt menneskelige, det vi alle gjør og har med oss, når det blir nært nok, så berører det på en annen måte, iallefall nok til at man ønsker å se mer, undersøke mer – og derigjennom sniker kunsten sitt budskap seg inn. Det blir vårt, det blir et eierskap som vi blir stolte av. Jeg gleder meg til sommeren og til utstillingen med Unni Askeland, Turid Spildo og Odd Nerdrum, som enda ikke har fått en tittel. Men kanskje K5 hadde vært passende - alle veier fører til Voss"